



Lene Merete Hugvik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/434 - 16/23401

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

21.12.2016

Godkjenning - GBNR 23/193, 482 - Søknad om etablering av to nye avkøyrslar

Administrativt vedtak. Saknr: 428/2016

Saksutgreiing

Vi syner til klage på avslag på omsøkte avkøyrslar motteke 19.10.2016. Klaga er i praksis ein ny søknad om avkøyrslar, og vert behandla som det. Årsaka er at det i klaga er gjort endring på plasseringa av dei omsøkte avkøyrslene i forhold til den opphævelege søknaden av 07.07.16.

Meland kommune var på synfaring på eigedomen 01.12.16. Grunneigarar samt ein nabo var med på synfaringa. Frekhaugmarka Vel fekk også tilbod om å vere med på synfaringa, men hadde ikkje høve til det.

Vurdering

I utgangspunktet ønskjer kommunen færrest mogleg avkøyrslar fordi det generelt sett er meir trafikkfarleg med fleire avkøyrslar langs ein veg. Samtidig er dette generelle retningslinjer og kvar sak må vurderast særskilt.

Etter synfaringa vurderar kommunen at eksisterande avkøyrslar er meir uheldig plassert i svingen enn dei to nye omsøkte avkøyrslene. Dei omsøkte avkøyrslene tilfredstillar no krav til friskt forutsatt at hekk vert fjerna. Kommunen vurderar at fjerning av hekken også vil betre trafikkforholda langs vegen ved at det vil gje betre sikt i svingen for alle trafikkantar.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«Med heimel i veglova § 40 og 43 godkjenner Meland kommune avkøyrsele på følgjande vilkår:

- Avkøyrslane må opparbeidast i henhold til innsendte planer.
- Eksisterande avkøyrsele må fysisk stangjast.
- Heile hekken må fjernast.
- Avkøyrslane må utformast med ein svingradius på minst 4 m
- Frisiktsona skal til einkvar tid vere fri for sikthindringar av midlertidig eller permanent art, høgare enn 0,5 m over hovudvegen sitt nivå. Eksempel på sikthindringar er vegetasjon, gjerde, mur, bosspann eller liknande. Parkering i frisiktsona er ikkje tillatt.
- Avkøyrslane skal byggast slik at overvatn frå vegen ikkje renn inn i avkøyrsele. Den må også byggast slik at overvatn frå avkøyrsele ikkje renn inn i vegen. Dersom avkøyrsele avskjerer åpen grøft skal det leggjast avlaupsrøyr med minimum diameter 200 mm. Avlaupsrøyr skal leggjast slik at vegggrøften sin funksjon vert oppretthaldt. Grøftevatnet skal ha fritt løp inn og ut av røyrret eller Der avkøyrsele krysser fortau skal kantstein nedsenkes til 5 cm.
- Avkøyrslane med tilhøyrande siktområde, røyr eller stikkrenne, skal vedlikehaldast av grunneigar eller brukar, uten omsyn til kven som har bygd eller kosta avkøyrslane.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhold av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.»

Om klage

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter forvaltningslovas reglar om klage. Frist for å klage er tre - 3- veker frå det tidspunktet underretning av vedtaket er kome frem. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klaga skal sendast skriftleg til kommunen v/PUK som vil vurdere saka på ny på bakgrunn av klaga. Dersom PUK opprettheld sitt vedtak vil klagesaka bli oversendt Klagenemnden i Meland kommune.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart 23 bnr 482
Kart 23 bnr 193 -2

Kopi til:

Frekhaugmarka Vel

Mottakere:

Lene Merete Hugvik

Lene Ryland